



Notat

Dato: 25.01.2018
Arkivsak: 2015/1434-573
Saksbehandlar: berkilv

Til: Fylkesutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane

Frå: Fylkesrådmannen

Namn på den nye fylkeskommunen på Vestlandet - møte med KMD

Den 19. januar var Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal fylkeskommunar kalla inn til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), for å drøfte namnet på den nye fylkeskommunen på Vestlandet. Fylkeskommunane møtte Monica Mæland, som er ny kommunalminister, saman med hennar stab.

Hordaland og Sogn og Fjordane hadde først eit eige møte med ministaren før alle dei fire fylkeskommunane tok del i eit fellesmøte.

Hordaland og Sogn Fjordane har med stort politisk fleirtall (84 av 88 stemmer) vedteke «Vestlandet» som namnet på den nye felles fylkeskommunen. Rogaland og Møre og Romsdal er begge ueinig i dette namneforslaget. Kommunalministeren ville høyre fylkeskommunane sine synspunkt.

Hordaland og Sogn og Fjordane viste til følgjande:

- Namnet er vedtatt av begge fylkestinga. Ved endeleg votering 27.10.17 røysta berre 4 av i alt 88 representantar mot.
- KMD har tidlegare uttrykt at når fusjonerande kommunar og fylkeskommunar er samde om eit namn, vil ein på statleg side leggje stor vekt på dette.
- Vi har tidlegare ikkje registrert noko engasjement på dette området frå korkje Rogaland eller Møre og Romsdal. Heller ikkje staten har brukt «vest-omgrepet» om t.d. Møre og Romsdal i sine namneval.
- NHO har no omorganisert sin organisasjon og etablert NHO Vestlandet ved å slå saman nettopp Sogn og Fjordane og Hordaland. Ved sida av dette har ein framleis NHO Rogaland og NHO Møre og Romsdal. Dette oppfattar vi som eit uttrykk for næringslivet sin vilje – både nord og sør for oss.
- KMD har nett avgjort at det framtidige namnet på den største kommunen i dagens Sogn Fjordane skal vere «Sunnfjord». Alle veit at det eigentlege «Sunnfjord» er større enn dei områda som vil tilhøyre den nye kommunen. Her gjer altså KMD eit meir utfordrande namneval enn det ein treng å gjere i saka vår
- Vi har i ei rekke arbeidsprosessar alt teke i bruk namnet «Vestlandet fylkeskommune» og det vil vere veldig negativt dersom vi ikkje kan halde fram med dette.

Rogaland og Møre og Romsdal viste til kvar sine fylkestingsvedtak som går mot namnet «Vestlandet» på den nye fylkeskommunen. Då fleirtalet av vestlendingane bur i Rogaland og Møre og Romsdal, kan ikkje den nye fylkeskommunen leggje beslag på namnet, meiner dei. Møre og Romsdal var særst indignert over namneforslaget.

På spørsmål frå kommunalministeren om Hordaland og Sogn og Fjordane hadde alternative namneforslag, vart det orientert om at «Vestland» er drøfta i begge fylkestinga som eit namnealternativ, men «Vestlandet» er vedtatt.

Kommunalminister Monica Mæland orienterte om at kommunenamn blir vedtatt av KMD. Namn på fylkeskommunar blir vedtatt i Stortinget.

KMD planlegg å ferdigstille si innstilling til namn på alle dei nye fylkeskommunane før/etter påske. Det er forventa at Stortinget vedtek namna før sommaren.

KMD har etter møtet 19.01 spurt om Hordaland og Sogn og Fjordane har innhenta uttale frå Språkrådet til namnet «Vestlandet». Språkrådet ga sin uttale og fremma alternative namneforslag før felles fylkesting i Gulen – utan å kome med noko tilråding. Ingen av fylkestinga uttrykte vilje til å følgje opp Språkrådet sine tankar om å oppnemne ei nemnd som skulle jobbe vidare med saka.